



Arkivnr: 2019/16814-1

Saksbehandlar: Karl Viken / Ingvar Skeie / Pål Kleive

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		
Fylkestinget		

## Tertialrapport pr. august 2019 - rekneskapsprognose

### Samandrag

Rapporten etter 2. tertial viser prognose om eit negativt budsjettavvik for HFK i 2019 på 60 mill. kr. Dette er litt betre enn det som vart meldt pr. 1 halvår 2019; då vart det meldt negativt budsjettavvik på 73 mill. kr.

Driftsavdelingane samla rapporterer ein negativ prognose på 86 mill. kr. Samferdsel og opplæring, som står for om lag 4/5 av det totale driftsbudsjettet til HFK, melder 90 mill. kr i meirforbruk; høvesvis negativt resultat på 76 mill. kr og negativt resultat på 14 mill. kr. Som grunnlag for samferdsel sin prognose ligg eit negativt resultat på 35 mill. kr for Skyss, og eit meirforbruk på 41 mill. kr på vegvedlikehaldet. Tannhelsesektoren, melder prognose om negativt avvik på 5 mill. kr. Forutan samferdsel, opplæring og tannhelse har dei andre sektorane og avdelingane prognosar rundt balanse ved årets slutt – samla eit positivt budsjettavvik på 9 mill. kr.

For budsjettområda som ligg utanom driftsavdelingane; pensjon, renter, kraftinntekter og skatt, er den samla prognosen eit positivt avvik på 26 mill. kr. For kostnader i samband med opprettinga av Vestland fylke er prognosen eit forbruk som er i samsvar med det totale budsjettet for samanslåinga.

For dei områda og einingane som ligg an til overskridingar vert det arbeidd med tiltak ut året. Fylkesrådmannen har også sett i verk tiltak som er omtala i saka, og som ser ut å ha gjeve ein positiv trend inn i siste 1/3- del av 2019. Fylkesrådmannen vurderer det etter 2. tertial som mest sannsynleg at det ikkje vert rekneskapsunderskot i 2019. Bakgrunnen for dette er at det i budsjettet for 2019 er sett av 73 mill. kr i driftsmidlar til finansiering av investeringar, og at årsprognosen for HFK har betra seg sidan førre rapportering.

Det er gjort framlegg om nokre få endringar på investeringsbudsjettet – i hovudsak som følgje av endra framdrift for nokre prosjekt. Endringane i investeringsbudsjettet i denne saka gjer at ein kan redusere det planlagde låneopptaket til fylkeskommunen i 2019 med 22,5 mill. kr.

**Økonomi:** Lågare låneopptak gjennom budsjettendringar på investeringssida.

**Klima:** Ingen effekt i høve til vedteke budsjett.

**Folkehelse:** Ingen effekt i høve til vedteke budsjett.

**Regional planstrategi:** Ingen verknader i høve til vedteke budsjett.

**Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget tek tertialrapporten til orientering.
2. Budsjettet for 2019 vert endra slik:
  - a) Drift: Det vert ikkje gjort endringar i driftsbudsjettet.
  - b) Investering:

Art	Stad	Prosjekt	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
02300	300 420 00	07602	Fylkesveginvesteringar		80 000 000
02100	310 235 00	07803	Bybanevogner	42 500 000	
09100	790 100 00	09982	Lån	22 500 000	
07290	790 110 00	09982	Momskompensasjon	15 000 000	
				80 000 000	80 000 000

3. Fylkestinget sluttar seg til dei grepa og innstrammingane for siste tertial som fylkesrådmannen set i for å betre den økonomiske stoda.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Nils Egil Vetlesand  
kst. fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 11.09.2019

## Investeringar

Tabellen gjev oversyn over kor mykje som er brukt til investeringar pr. 2. tertial 2019:

	Rekneskap pr. aug.	Årsbud 2019.	Forbruk i % av årsbud.
Administrasjon	36 729	75 000	49,0 %
Fylkesveggar	345 896	1 575 975	21,9 %
Bybaneutbygging	771 835	1 764 015	43,8 %
Andre samferdselsføremål	71 279	390 784	18,2 %
Kultur	951	3 000	31,7 %
Tannhelsetenesta	15 733	30 000	52,4 %
Opplæring	262 443	434 575	60,4 %
Andre føremål	2 119	13 500	15,7 %
<b>TOTAL</b>	<b>1 506 986</b>	<b>4 286 849</b>	<b>35,2 %</b>

Status for framdrift pr. 2. tertial og økonomi i einkilde investeringsprosjekt er omtalt nedanfor.

## Opplæring

Rehabilitering, ombygging og mindre tilbygg i skulesektoren

Løyvinga for 2019 er på 75 mill. kr, og av dette er 53 mill. kr fordelt til prosjekt ved Sandsli videregående skule og Fyllingsdalen videregående skule. Det er vidare løyvd midlar til tiltak ved mellom anna Odda vidaregåande skule og Bømlø vidaregåande skule. Det er samla fordelt 64,75 mill. kr pr. utgangen av august, og restbeløpet er planlagt fordelt av fylkesutvalet 19. september.

Skulebruksplan - planmidlar

Midlane er knytt opp mot gjennomføring av skulebruksplanen, og dei endringane som er vedtekte der. Midlane vert primært nytta i tidleg fase av prosjekta; til dømes til planlegging, koordinering og utgreiingar. Så langt i år er om lag 20 % av løyvinga på 3 mill. kr nytta. Ein ventar difor eit mindreforbruk på denne posten.

Åsane videregående skule

Det har vore høg aktivitet på dette prosjektet sidan førre tertialrapportering. Det er så langt i år brukt vel 172,5 mill. kr på prosjektet, og samla løyving i 2019 er på 250 mill. kr. Bygginga held fram for fullt, og skulen skal stå ferdig til skuleåret 2020/ 2021. Ein ser at det kan verta noko avvik i forhold til årsløyvinga, men totalkostnad for prosjektet ligg framleis fast.

Askøy videregående skule – rehabilitering / tilbygg

Det er løyvd 29 mill. kr til prosjektet i 2019. Anbudspapira for nybygget hadde tilbudsfrist 1.4.2019, og kontrakt ble tildelt Constructa. Samspelefasen starta 9. mai 2019, og vil vare ut året.

Forbruket for inneverande år blir truleg blir om lag 5 mill. kr lågare enn budsjettet, men kostnadsramma for prosjektet er ikkje endra.

Langhaugen videregående skule - tilbygg

Programmering av bygget og ein moglegheitsstudie held fram. Samla kostnad så langt i år er på om lag 0,5 mill. kr, og prognosen er at ikkje heile løyvinga for 2019 på 3 mill. kr vert brukt opp.

Stord vidaregåande skule. – rehabilitering / nybygg

Det er løyvd 15 mill. kr til prosjektet i 2019. Dialogen med kommunen knytt til eventuelt sal av eksisterande bygg på Saghaugen, og samling av all fylkeskommunal aktivitet på Vabakken held fram. Løysinga ein kjem fram til med kommunen vil påverke storleiken på prosjektet.

#### Bømlo vidaregåande skule - tilbygg

Det er løyvd 1 mill. kr til prosjektet i 2019. Midlane skal fyrst og fremst nyttast opp mot planprosessar som pågår i tidleg fase av prosjektet.

#### Laksevåg videregående skole

Det er så langt i år brukt vel 1 mill. kr til programmering. Så langt tyder utrekningane at samla prosjektkostnad for skulen kan verte høgare enn tidlegare enn det som er lagt til grunn. Ein vil koma tilbake til nye tal for prosjektet når desse er meir sikre.

#### Hardanger produksjonsskule

I budsjettet for 2019 vart det opplyst at fylkesrådmannen vil vurdere investeringane ved Hardanger produksjonsskule. Det er m. a. naturleg å vurdere investeringane opp mot elevgrunnlaget ved skulen. Løyvinga i 2019 er på 18,2 mill. kr, og det så langt i år nytta om lag 3 mill. kr. Såleis er prognosen at ein ikkje kjem til å nytta heile løyvinga for i år.

### **Samferdsel**

#### Terminalbygg / sjåførfasilitetar / kaiar

Det er i 2019 løyvd 8 mill. kr til formålet. Av dette er 2 mill. kr knytt opp til utbetring av snøggbåtkaiar.

Detaljfordeling er ikkje gjennomført, og ein vil få innsparing for 2019 i forhold til årets løyving.

#### Bussanlegg Askøy

Det er i 2019 løyvd 1 mill. kr til prosjektet. Prosjektet har liten framdrift i påvente av avklaringar med Askøy kommune. Dagens leigeavtale på Haugland er forlenga.

#### Ladeinfrastrukturprosjektet - ferjekaiar

Det er budsjettert med 200 mill. kr til utbygging av ladeinfrastruktur i budsjettet for 2019 etter at tilskotet frå Enova er trekt frå.

Hovudbildet er at størstedelen av anlegga vil vere ferdigstilte i løpet av 4. kvartal i 2019, der elektrifisering av ferjedrifta kan starte opp ved årsskiftet. For Ranavik ferjekai (bygging av snøggbåtkai), for sambandet Gjermundshavn/Årsnes (forsinka leveranse frå nettselskapet) og for Utne ferjekai (forsinka leveranse frå nettselskapet) går det mot seinka oppstart av elektrifiseringa.

#### Bybanen – vognmateriell

I budsjettet for 2019 er det sett av 5,4 mill. kr til slutføring av ombygging av førarrom på bybanevognene.

I tillegg er det budsjettert med kjøp av vogner til den nye strekninga mot Fyllingsdalen. Opsjon i kontrakt med Staedler skal nyttast til kjøp av 6 bybanevogner. Samla kostnad for kjøpet er vel 275 mill. kr. Kostnaden skal fordelast over perioden 2019 – 2022.

I budsjettet for 2019 er det sett av 40 mill. kr til vognkjøpet, men etter at kontraktstingingane er gjennomført, kjem 30% av kjøpesummen til utbetaling i år – tilsvarande 82,5 mill. kr. Fylkesrådmannen foreslår difor å auke budsjettet med 42,5 mill. kr. Den samla kjøpesummen er uendra, slik at betalingsstraumen i kontrakten er noko endra samanlikna med tidlegare opplegg.

## Fylkesveggar

Fylkesrådmannen vil nedanfor gje ein kort statusrapport for strekningsvise prosjekt, programområda, posten for opprusting og fornying og rassikringsprosjekta.

### Miljøloftet – store prosjekt

#### Ringveg vest – byggjetrinn 2 (Bergen kommune)

Prosjektet vart opna for trafikk i november i 2015. I budsjettet for 2019 er det løyvd 5 mill. kr til sluttarbeid. Elektroarbeida har teke lengre tid enn venta. Sluttoppgjer er venta tidleg hausten 2019 slik at prosjektet kan avsluttast i 2019. Budsjettsummen er finansiert med bompengar.

Prognose for sluttkostnad for prosjektet er 1 877 mill. 2019-kr, og dette er 332 mill. 2019-kr lågare enn styringsramma slik den framgår av Prop. 108 S (2009-2010).

#### Hjellestadvegen (Bergen kommune)

Arbeidet på Hjellestadvegen starta opp i 2017. I budsjettet for 2019 er det sett av 35 mill. kr. Totalprognosen for prosjektet er rekna til 183 mill. kr. Prognosen er usikker ettersom det er usemje om oppgjer med entreprenør knytt til endra arbeidsomfang og tilleggsarbeid. Prosjektet er finansiert med bompengar.

### Miljøloftet – programområde

Til programområda i Miljøloftet er det budsjettert med 301 mill. kr i 2019. Midlane skal gå til:

- Ulike tiltak av investeringskarakter fylkesveg
- Kollektivtiltak
- Trafikktryggleikstiltak
- Gang/sykkeltiltak
- Miljø- og sentrumstiltak

Etter 2. tertial er det ikkje meldt om større avvik for prosjekta innanfor dei fleste programområda. På grunn av manglande kapasitet på byggherresida melder regionvegsjefen om eit mindreforbruk for trafikktryggleiksmidlane. For å bøte på dette er det sett i verk tiltak m.a. å knyte prosjekt som tillegg til eksisterande utbyggingskontraktar. På denne måten vonar ein å halde oppe takten for trafikktryggingstiltaka i nokon grad.

### Strekningvise prosjekt utanom Bergen

#### Askøypakken (Askøy kommune)

I 2019 er det budsjettert med 173 mill. kr til prosjekta i Askøypakken. Strekninga Lindhaugen – Slettebrekka er ferdigstilt og handsaming av sluttoppgjer pågår. Strekninga Strømsnes – Hop er under bygging og for strekninga Skiftesvik – Marikoven er det venta byggestart i haust. Fleire strekningar er under planlegging og prosjektering. Prognosen for samla forbruk i 2019 er vel 92 mill. kr og avviket er i stor grad knytt til periodisering mellom år, m.a. fakturering av sluttoppgjer.

#### Bømlopakken (Bømlo kommune)

Det er budsjettert med 171 mill. kr til Bømlopakken i 2019. Prognosen for tiltaka i Bømlopakken er på 40 mill. kr. Det store avviket skuldast klagehandsaming knytt til prosjektet Sakseid – Hestaneset som medfører seinare oppstart enn lagt til grunn og jordskiftehandsaming av grunnerverv knytt til prosjektet Stokkabekken – Siggjarvåg. Fylkesrådmannen tilrår at budsjettet vert redusert med 52 mill. kr som del av fylkeskommunen si finansiering av Bømlopakken.

#### Stord vestsida (Stord og Fitjar kommunar)

Til prosjekt på Stord vestsida er det budsjettert med 20,5 mill. kr i 2019. Det er ikkje venta budsjettmessige avvik. Delprosjekt i Fitjar sentrum er under arbeid og venta ferdig i løpet av året.

Kvammapakken (Kvam herad)

I budsjettet for 2019 er det sett av 1,2 mill. kr til avsluttande arbeid i pakken.

Nordhordlandspakken

Det er budsjettert med 270 mill. kr i 2019, men p.g.a seinare oppstart enn rekna med for fleire store prosjekt, er prognosen vesentleg lågare – 75 mill. kr. Fylkesrådmannen foreslår å redusera fylkeskommunen sin del av finansieringa i 2019 med 28 mill. kr.

Kollektivterminal Voss (Voss kommune)

Det er budsjettert med 7 mill. kr som fylkeskommunen sin del av prosjektet i 2019. Prosjektet er i sluttfasen, men framdrifta er m.a. avhengig av etablering av nytt hotell i tett tilknytning til terminalområdet. Det er ikkje venta avvik etter 2. tertial.

Kollektivterminal Odda (Odda kommune)

Det er budsjettert med 8 mill. kr som fylkeskommunen sin del av prosjektet i 2019. Odda kommune er byggherre for kollektivterminalen, tilkomstveg og nytt kryss mot riksveg 13. Det er ikkje venta avvik etter 2. tertial.

**Strekingsvise prosjekt - rassikring**Furubergfossen bru (Kvinnherad kommune)

Budsjettet for bru-prosjektet er 36 mill. kr i 2019. Kontrakt vart inngått i slutten av 2018 og det er arbeid i gang med fjellsikring.

**Andre rassikringsprosjekt**

For dei andre rassikringsprosjekta i 2019 er den samla prognosen eit mindreforbruk samanlikna med budsjettet på 65 mill. kr. Avviket på om lag 15 mill. kr skuldast særleg tiltak i Felevikja og ved Gullbrå som er under omprosjektering og prognosen er dermed usikker.

**Opprusting, fornying og mindre utbetringar**

Det er samla budsjettert med tiltak for 320 mill. kr for desse postane. Det er svært mange prosjekt under arbeid innanfor kategoriane

- Tunneloppgradering
- Bruer og kaiar
- Forsterking
- Kollektiv
- Trafikksikring
- Gange og sykkel
- Miljø og service
- Grunnerverv
- Planprogram
- Planlegging

Etter 1. tertial vart det rapport om eit meirforbruk på opp mot 50 mill. kr på dette budsjettområdet. Pr. 2. tertial er årsprognosen for meirforbruket redusert til 14 mill. kr etter at regionvegsjefen har gått nærare gjennom den store prosjektporteføljen innanfor desse områda.

Det er prognose om meirforbruk for sikring av tunnelane Lyngfjell, Hagaås og Liaros. For programområdet Gang- og sykkelveg er det prognose om eit mindreforbruk på 15 mill. kr som særleg skuldast seinare framdrift for prosjektet Gang og sykkelveg langs Hegglandsdalsvegen.

For dei andre programområda er det prognose om mindre positive/negative avvik slik at ein samla ser ut til å koma ut med eit meirforbruk på 14 mill. kr etter 2. tertial.

## **Bybanen**

Byggetrinn 3, Lagunen – Flesland, vart opna for trafikk i august 2016. Siste etappe av byggetrinnet til Flesland vart opna i april 2017, og det er sett av 30 mill. kr i 2019 til avslutting av rekneskapen for denne strekninga.

For byggetrinn 4, Bergen Sentrum – Fyllingsdalen, er det sett av 1 734 mill. kr i budsjettet for 2019. Styringsramma for denne strekninga er 7 101 mill. 2017-kr (P-30 nivå). I denne ramma inngår bybanetraseen, sykkelstamveg frå Mindemyren til sentrum, ny kanal på Mindemyren og sykkel tunnel gjennom Løvestakken. Gjennom Miljøløftet dekker staten 50 % av kostnaden ved utbygginga av bybanetraseen og 100% av sykkelstamvegen. Det resterande er føresett finansiert med bompengar og andre lokale bidrag.

Status for prosjektet er at følgjande entreprisar er starta opp: Tunnel gjennom Løvestakken og depot, samt i Fyllingsdalen, tunnelpåhogg på Kristianborg, grunnarbeid på strekninga AdO-Kronstad, samt designarbeid på dei to totalentreprisane Signal/tele og Banesignal. Førebuande arbeid i Fyllingsdalen, i Fløen og muren langs Bane NOR sine areal er ferdigstilt og sluttoppgjjer under arbeid. Kontrakt på entreprisa på Mindemyren og for Likerettarar er inngått og det pågår forhandlingar eller innhenting av priser for øvrige delar av prosjektet. Grunnerverv pågår fortsatt, inkludert førebuing til skjønn i oktober.

Det er pr. 2. tertial ikkje venta budsjettmessige avvik for byggetrinn 3 i 2019. For byggetrinn 4 er prognosen eit vesentleg mindreforbruk opp mot 500 mill. kr samanlikna med budsjettet. Dette skuldast i hovudsak at både entreprisane AdO-Kronstad og Mindemyren ikkje er komne i gang som rekna med ved utarbeiding av budsjettet.

## **Kultur**

Det er sett av 3 mill. kr til restaurering av verneverdige bygg i fylkeskommunal eige. Detaljbudsjettering er så langt ikkje gjennomført, men av midlane vart det disponert 0,4 mill. kr til Moster Amfi i samband med tertialrapport pr. april.

Det er planar om å ta i bruk delar av hovudhuset på Stend til bruk for Stend vidaregåande skule. Dette huset står no ubrukt og det er m.a. behov for å utbetre det elektriske anlegget. Ein rår til at resten av summen i budsjettet – 2,6 mill. kr – vert nytta til tiltak i hovudhuset. Alt arbeid vil bli utført i nært samarbeid med skulen og ta omsyn til verneverdiane i bygget.

## **Tannhelse**

I budsjettet for 2019 er det sett av 25 mill. kr til bygging av tannklinikkar. Det pågår arbeid ved Nesttun tannklinikk. Samla forbruk hittil i år er på om lag 12,2 mill. kr. Det er tidlegare budsjettert med 1 mill. kr til nye Øygarden tannklinikk, men det viser seg no at det ikkje er trong for denne budsjettsummen, og fylkesrådmannen rår til at den vert omdisponert til arbeida som er i gang ved Nesttun tannklinikk.

Nye Arna tannklinikk er ferdigstilt i samsvar med løyvingar og framdriftsplanar.

Arbeidet med ny tannklinikk i Knarvik har starta opp. Her vert det meste av kostnadane belasta leigesummen som fylkeskommunen skal betale.

## **Fellesfunksjonar**

*Fylkeshuset – ombygging og opprusting*

Det er løyvd 48 mill. kr i 2019 til nytt fylkeshus. Løyvinga er knytt opp mot planlegging av nytt bygg, samt flytting til og tilrettelegging av leigelokale på Sandsli. Samla kostnad med nytt fylkeshus er rekna til 941 mill. kr.

Samspelkontrakt med entreprenør (LAB) vart signert 24. april. Prosjektet er i samspelsfase, og byggestart er planlagt til 1.februar 2020.

#### Sal av eigedom

Det er i budsjettet for 2019 lagt til grunn sal av eigedomar for 50 mill. kr. Garnesstølen er seld til Bergen kommune for om lag 19 mill. kr. Vidare er eigedomen på Melkeplassen seld, og salssummen var 2,6 mill. kr, med eit tillegg i prisen som er basert på kor mykje kjøper får lov å bygge. For eigedom på Meland er det forhandla fram ein revidert avtale; med atterhald for politisk godkjenning. Om avtalen vert politisk godkjent vil det gje ei inntekt til fylkeskommunen på om lag 10 mill. kr. Ein arbeider også med sal på Heiane på Stord.

### Oppsummering investeringar

Under er tabell som summerer opp justeringane som vert foreslått i investeringsbudsjettet:

<b>Samferdsel/ fylkesveginvesteringar</b>	
Norhordlandspakken	-28 000
Bømlopakken	-52 000
Bybanevogner	42 500
<b>Sum investeringsutgifter</b>	<b>-37 500</b>
<b>Finansiering</b>	
Momskompensasjon	15 000
Lån	22 500
<b>Sum finansiering</b>	<b>37 500</b>

Budsjettet for investeringar vert samla redusert med 37,5 mill. kr.

Som følgje av endringane som er foreslått i denne saka går budsjettet bruk av lån ned med 22,5 mill. kr.

### Drift

#### Tiltak i høve til den økonomiske stoda og årsresultatet for 2019

For den resterande delen av 2019 er det sett i verk tiltak og innstrammingar i drifta. Dette er i samsvar med det fylkesrådmannen varsla etter rapporteringa av den negative prognosen på 73 mill. kr etter 1. halvår av 2019.

Dei avbøtande tiltaka og innstrammingane innehar fleire moment, mellom anna:

- Fylkesrådmannen har hatt særleg gjennomgang med dei avdelingane som melder dei største negative avvika hittil år. Målet med gjennomgangane er å styra mot eit betre årsresultat enn det prognosane til desse avdelingane så langt skulle tilseia. I dette ligg mellom anna det å stramma inn på område, eller kutte planlagd aktivitet, der det er mogleg.
- Personalmidlar som HR- seksjonen har hatt tilgjengeleg, vil stå unytta ut året. Det dreier seg om 5 mill. kr.
- Fylkesrådmannen vil også vurdere kva fondsmidlar som kan dekkje opp avdelingar sitt meirforbruk etter årets slutt.



Årsprognosen har allereie fått eit positivt skifte frå juni til august, og med skisserte tiltak og innstramningar legg fylkesrådmannen til grunn om eit betre årsresultat enn det som har vore status hittil i år.

### **Politiske organ**

Forbruket syner godt samsvar med budsjettet fram til no. Det kan likevel bli overskriding i 3. tertial. Ein har då den spesielle situasjonen at det gamle fylkestinget og utvala sit fram til årsskiftet, samstundes som det nye fylkestinget og utval trer saman. I denne overgangsperioden vil kostnadene bli høgare enn normalt.

### **Økonomi og organisasjon**

For dei fleste seksjonane er det godt samsvar mellom rekneskap og budsjett. Nokre postar viser lågt forbruk fram til no. Det gjeld t.d. attføring og omstilling, organisasjonsutvikling og leiarskapsutvikling. Om ein er tilbakehaldne med å bruke av desse midlane siste del av året, bør det vere mogleg å spare inn 5 mill. kr.

### **Lønsavsetjing/ pensjonskostnader**

Etter 1. tertial vart det meldt at prognosen frå KLP viste noko auke i pensjonskostnadene. Til alt hell viser prognosen frå Statens Pensjonskasse motsett utvikling. Dette gjev grunn til å tru at budsjetterte midlar til lønsavsetjing og pensjonskostnader vil kunne halde i 2019 – ei betring av prognosen med 7 mill. samanlikna med 1. tertial.

### **Opplæring**

Prognosen for opplæringssektoren samla er ei budsjettoverskriding på 14 mill. kr. Dette er ein betring på 5 mill. kr i høve til førre kvartal.

For skulebudsjetta samla ser det ut til å gå mot budsjettoverskriding på 10 mill. kr. Om lag 3 mill. kr av meirforbruket vert dekkja ved overføringar frå driftsfond ved skulane. Samla sett er difor prognosen for dei vidaregåande skulane om lag 7 mill. kr i meirforbruk. Dette er marginalt meir enn rapportert etter 1. tertial.

Utover den låge budsjettoverskridinga på skulane er det prognose på 7 mill. kr i meirforbruk på andre postar i opplæringsbudsjettet. På same måte som etter 1. tertial gjeld dette auka utgifter i samband med at fleire går ut i lære, auka utgifter til fagprøver og utgifter til gjesteelever.

Fylkesrådmannen følger kostnadsutviklinga innan opplæringssektoren med stor merksemd. For å sikre positiv utvikling er det viktig å halda fram med eit sterkt økonomifokus, og å heile tida evaluere kva tiltak ein skal setje i verk. Fylkesrådmannen er ikkje nøgd med meirforbruket, men vil spesielt peike på at skulane samla sett over tid har vist god utvikling.

### **Tannhelsetenesta**

For tannhelsesektoren er prognosen eit negativt resultat på 5 mill. kr. Dette er ei betring av prognosen pr. 1. tertial som var eit negativt avvik på 10 mill. kr. Det er fleire årsaker til betringa i den økonomiske stoda. Det er gjort kostnadsreducerande tiltak i sektoren, og fleire klinikkar har no balanse mellom rekneskap og budsjett.

Ein har hatt gjennomgang av økonomien ved TkVest/Hordaland. Sjølv om det framleis er økonomiske utfordringar ved senteret, så er det gjort tiltak som skal gje positive effektar. På klinikknivå ligg dei fleste klinikkane an til å halde budsjettet. Ved nokre særskilde klinikkar er det likevel større negative budsjettavvik, og desse er mellom anna grunna i ein større nedgang i pasientinntektene. Det er framleis nedgang i pasientinntektene, og dersom desse går enno meir ned må det gjerast ei vurdering av kapasiteten.

Fylkesrådmannen er nøgd med at tannhelse sin prognose har endra seg i rett retning, og med eit vidare fokus på kostnadsreducerande tiltak så vil årsresultatet verte betre enn årsprognosen.

### **Regional utvikling**

Det er framleis god budsjettkontroll i avdelinga og Regionalavdelinga rapporterer om prognose i samsvar med budsjettet som det mest sannsynlege resultatet for 2019.

### **Konsesjonskraftinntekter**

Kraftprisane har halde seg godt oppe gjennom sommaren. Prognosen over netto inntekt er no 66 mill. kr. Budsjettet er 70 mill. kr, og svikten er dermed redusert til 4 mill. kr – ei betring på 1 mill. kr samanlikna med 1. tertial.

### **Samferdsel**

#### Fylkesvegvedlikehald

Årsprognose pr. 1 tertial tilsa balanse ved årets slutt. Denne prognosen er endra til eit meirforbruk på 41 mill. kr. Vedlikehaldsbudsjettet er ikkje tilstrekkeleg til å ta høgde for hendingar som påverkar vegstrukturen, og som krev akutte tiltak. Erfaring tilseier at det kjem ras og uver av ein slik storleik at det fører til kostnader utover det som ligg inne i driftskontraktane.

I samband med rapportering pr. juni i fylkesutvalet varsla fylkesrådmannen ein gjennomgang med Statens vegvesen. Det er gjennomført, og ein har fått betre oversyn over innhaldet i prognosen. Siktemålet med gjennomgangen var og å finne tiltak som avgrensar budsjettavviket mest mogeleg.

Prognosen for overskriding er no 41 mill. kr. I denne summen ligg m.a. sluttkostnader for tidlegare kontraktar, auka kostnader til vegljøs utover det som er budsjettert og meirkostnader til akutte tiltak etter ras.

Fylkestinget løyvde i budsjettet for 2019 midlar til punktutbetringar. Dette er tiltak som dels vert utført i regi av kommunane i Hordaland og dels av Statens vegvesen. Statens vegvesen sin del av punktutbetringane har samla ein prognose for bruk på 11 mill. kr. Sidan dette er oppgraderingstiltak og dermed skal først i investeringsrekneskapan, er summen på 11 mill. kr ein buffer i vedlikehaldsbudsjettet dei siste månadane av året.

Fylkesrådmannen er ikkje nøgd med utviklinga for vegvedlikehaldet og har teke opp med regionvegsjefen kva tiltak som kan setjast i verk for å avgrensa overskridinga mest mogeleg. Fylkesrådmannen har m.a. bede om oversyn over om noko av dekkelegginga kan stoppast.

I svaret frå regionvegsjefen vert det peika på at etter kontrakt skal all asfaltering vere ferdigstilt innan 15. oktober. Det er samla kontraktar for asfaltering på om lag 40 mill. kr og stopp av kontraktane no, trur regionvegsjefen kan føre til erstatningskrav. Det er vidare gjort førearbeid før asfalteringa som kan føre til skade om det vert liggjande utan fast dekke gjennom vinteren. Det vert vidare peika på at nokre kommunar kjem særleg dårleg ut ettersom det er noko tid sidan det vart gjort dekkeleggingsarbeid i desse kommunane. Regionvegsjefen fråår ut frå dette å gjere endringar i dekkeleggingsprogrammet.

#### Kollektivtransport

Skyss melde balanse som årsprognose ved 1. tertial. Pr. 1. halvår var årsprognosen 40 mill. kr i negativt avvik, og denne prognosen har betra seg noko; til 35 mill. kr i negativt avvik.

Den negative prognosen kjem av at det er noko lågare inntekter enn budsjettert, og at det er fleire negative avvik på kostnadssida; mellom anna ferjeutgifter, indeksregulering, inntektssikring og skuleskyss. Det er likevel verdt å vera merksam på at det framleis er vekst i talet på reisande. Det gjev ein vekst i inntektene, samanlikna med i fjor.

Fylkesrådmannen ser positivt på at tiltak mot reisande som ikkje betalar, også kalla inntektssikring, også ser ut til å ha hatt fleire positive effektar. Samanlikna med for om lag 1 år sidan er del av reisande som ikkje betalar om lag halvert; og er no om lag 6 %. Utrekningar indikerer også at fylkeskommunen har betydelege meirinntekter frå dei passasjerane som tidlegare ikkje betalte, men som no framleis reiser og vel å betale.

Alle tiltak i som vart vedtekne i budsjettet for 2019 er effektuert, der auka ruteproduksjon i Bergen vert sett i drift i samband med haustrutene. Av større usikre moment ein har fokus på er effekten av billettkontrollar, auka kostnad av skuleskyss og kontraktsindeksar.

Fylkesrådmannen er uroleg for den økonomiske utviklinga innfor kollektivområdet. Inntektsutviklinga resten av året er avgjerande for korleis ein kjem ut i høve til prognosen.

#### Totalt samferdselsektoren

Med negativt avvik for fylkesvegvedlikehald på 41 mill. kr og 35 mill. kr i negativt avvik meldt for kollektivtransporten, så vert prognosen pr. 2. tertial for samferdselsområdet eit negativt avvik på 76 mill. kr samanlikna med budsjett. Dette er ein 36 mill. kr dårlegare prognose enn pr. 1 tertial.

#### **Kultur og idrett**

Kultur og idrettsavdelinga rapporterer om prognose som er i samsvar med budsjett. Kultur- og idrettsavdelinga har store delar av utgiftene knytt til løyvingar som er tildelt sektoren og inntektene er relativt stabile. Det er difor også i år relativt liten usikkerheit knytt til prognosen for kultur og idrett, sjølv om avdelinga melder om noko usikkerheit på nokre område.

#### **Eigedom**

Årsprognose for 2019 syner at ein ventar eit mindreforbruk på 4 mill. kr i høve til budsjett. Dette er 2 mill. kr betre enn lagt til grunn i rapporteringa for 1. tertial. Det positive avviket i høve til budsjett skuldast primært færre skadar så langt i 2019 og lågare forsikringskostnader. I tillegg ventar ein positive budsjettavvik knytt til innleige- og utleige av bygg.

#### **Skatt**

Det er to tilhøve som er avgjerande for korleis resultatet på skatteområdet vert for HFK. Det fyrste er om skatteoverslaget som vert sett av departementet for 2019 slår til. Det andre er om det faktiske skattenivået til HFK er betre eller dårlegare enn gjennomsnittet av alle fylkeskommunar.

Pr august er situasjonen at førebelse tal syner at skatteinngangen er god, og noko over budsjettert skatteoverslag. Det gjer at med same utvikling vidare gjennom året så vil det verte eit positivt resultat på skattekapitlet. Dette sjølv om skatteutjamninga mellom fylka gjev eit trekk for HFK.

I revidert nasjonalbudsjett for 2019 er overslaget for dei samla skatteinntektene for kommunesektoren auka med 1,5 mrd. kr. Førebels vurdering tilseier at skatteanslaget til HFK kan aukast. Prognosen på skattekapitlet pr. 1. tertial var eit overskot på 10 mill. kr. Dette vert oppjustert til 20 mill. kr i positivt budsjettavvik. Prognosen summerer seg av eit betra skatteoverslag frå sentralt hald, og eit overskot på skattekapitlet pr. august.

#### **Renter og avdrag**

Det ser ut til å gå mot ei innsparing på om lag 10 mill. kr. Det meste av innsparinga kjem på inntektssida. Renteinntektene kan bli om lag 7 mill. kr høgare enn budsjettert, medan renteutgiftene vil bli om lag 3 mill. kr lågare.

## Oppsummering

Under er oversyn over prognosen for dei ulike områda oppsummert:

	mill. kr
Politiske organ, økonomi og admin.	5
Pensjon/ lønsavsetjing	0
Opplæring	-14
Tannhelse	-5
Regional utvikling	0
Kraftinntekter	- 4
Samferdsel	- 76
Kultur og idrett	0
Eigedom	4
Skatt og rammetilskot	20
Renter og avdrag	10
<b>TOTAL</b>	<b>- 60</b>

Tertialrapporten etter 2. tertial 2019 viser prognose om eit negativt budsjettavvik på 60 mill. kr ved utgangen av året. Som oversikta syner ligg overskridingane som medverkar til den negative prognosen på samferdsel, opplæring, tannhelse og kraftinntekter.

## Risikovurdering

Fylkesrådmannen har gjennomgangar av den økonomiske stoda med kvar avdelingsdirektør kvartalsvis. Her rapporterer avdelingane om den økonomiske situasjonen, og tek opp moment som har risiko for budsjettavvik.

Fylkesrådmannen vurderer at det er størst risiko for budsjettavvik innan følgjande område; driftskostnadar på fylkesvegane, dei økonomiske resultatata for skulane, skuleskyss og kollektivtrafikkinntektene. Økonomien innanfor desse områda er så stor at det ikkje skal store prosentvis avvik til før det er snakk om store summar. Kraftinntekter og skatteinnangang er og område som har risiko for avvik, og som ein må følgja med særskilt merksemd.

Tannhelsesektoren er ein sektor med eit relativt sett lite nettobudsjett samanlikna med opplæring og samferdsel. Likevel har sektoren dei siste åra hatt store budsjettavvik, og så langt i 2019 har sektoren meldt eit negativt budsjettavvik på 5 mill. kr. Fylkesrådmannen vil ha fokus på tannhelse på slutten av 2019. Særskilt gjeld det pasientinntektene, og at desse ikkje går for mykje ned.

Innanfor avdelingane regional utvikling, kultur- og idrett og økonomi- og organisasjon er det lite sannsynleg med betydelege avvik i negativ retning.

Etter 2. tertial er prognosen for opplæringssektoren eit negativt avvik på 14 mill. kr. Utover risiko for overskridingar på einskilde skular, så melder fylkesdirektør for opplæring at det er størst risiko for negative bidrag til sektoren sitt resultat når det gjeld lærlingar, fagprøvar og utgifter til gjesteelevar.

I samferdselsektoren er det store negativt moment både når det gjeld fylkesvegvedlikehaldet og kollektivområdet. Samla vart det pr. 1. halvår meldt om eit stort overforbruk på 70 mill. kr. Årsprognosen for meirforbruket er no om lag det same; 76 mill. kr. Ved avbøtande tiltak og grep på slutten av året vil ein kunne avgrensa risikoen på dette området, slik at ikkje årsresultatet skal verta enno dårlegare enn årsprognosen skulle tilseia.

Med høg lånegjeld er rentekapitlet viktig å ha kontroll over. Som tidligare år har HFK god kontroll på dette området, og det er så langt liten risiko for overskrindingar og høgare rentekostnadar enn det ein har rekna med i budsjettet. Dei tidligare signala om rentehevingar i 2019 er ikkje så tydelege lenger. Uansett er risikoen for overskrindingar liten, med bakgrunn i at HFK har fastrenteavtalar som dempar konsekvensen av renteendringar.

### Budsjettmål og målepunkt

I samband med budsjettarbeidet for 2018 tok fylkesrådmannen inn avdelingsvise budsjettmål som ein skal følgje opp gjennom tertialrapporteringa til fylkestinget. Fylkesrådmannen er nøgd med innrettinga av rapporteringa. Den er i større grad enn før tilpassa avdelingane sin eigenart, og ulikt fokus når det gjeld drift og tenesteyting opp mot strategi- og planleggingsarbeid. Rapporteringa frå avdelingane til fylkesrådmannen gjennom Visma Enterprise har også vist at ein har mykje å vinna etter kvart som ein utnyttar systemet.

For 2019 vart det laga nye mål som det skal rapporterast på. Totalt vart det sett opp 81 ulike mål i budsjettdokumentet som det skulle rapporterast på i 2019. Pr. 1. tertial rapporterte avdelingane at dei var godt i gang med måloppnåinga; at dei ulike måla allereie var nådd eller at dette kom til å skje i løpet av året.

Statusen er uendra pr. 2. tertialrapportering, og fylkesrådmannen er nøgd med at dei ulike sektorane i stor grad lukkast med å oppnå måla som vart sett opp på dei ulike områda av drifta.

### Økonomistyring

Fylkesrådmannen har kvartalsvise rapporteringar der kvar eining må rapportere status så langt i året og kome med ein grundig vurdering av kor eininga vil vere ved årsslutt i forhold til budsjettet. I møte med fylkesrådmannen må avdelingane kome med konkrete tiltak ved avvik. Fylkesrådmannen har også eit særskilt fokus på dei tiltaka avdelingane har som grunnlag for årets budsjett. Fylkesrådmannen ser effekt av rutine og det vert gjort godt arbeid ved einingane.

Fylkesrådmannen søkjer å leggja til rette for einingane slik at dei på best mogleg måte har tilgang til nøkkelinformasjon som er naudsynt for god økonomisk styring. Gjennom økonomisystemet har alle leiarane tilgang til faktisk rekneskap og budsjett og dei kan, anten på eiga hand eller med hjelp av fagpersonar på økonomi, få utarbeidd spesialrapportar. I tillegg har om lag 160 leiarar tilgang til eit BI-system (business intelligence) som er eit hjelpeverktøy for leiarar der dei får fram status, både i form av tal og grafisk, og kan på den måten få særskilt oversikt over si verksemd. Dette systemet gir i tillegg til økonomi også tilgang til anna informasjon som påverkar økonomien – til dømes sjukefråver og innkjøp. BI-systemet gjev også fylkesrådmannen moglegheit til rask oversikt over stoda og moglegheit til å sjå nærare detaljer om naudsynt.

### Tabell

Under er ein meir detaljert oppstilling med både rekneskapstal og prognosetal. Den syner eit prognostisert negativt avvik på 60 mill. kr samanlikna med budsjett for 2019. Tabellen viser også forbruk i % så langt i 2019. Årsprognosen er også samanlikna med prognosen pr. april 2019 og forbruk pr. 2. tertial 2018.

	Rekneskap aug. 2019	Budsjett aug. 2019	Budsjettavvik aug. 2019	Prognose aug. 2019	Prognose apr. 2019	Rekneskap aug. 2018
<b>Politisk, kont., fylkesrådm.</b>						
Kostnader:	70 730	98 412	27 681			54 372
Inntekter:	-7 506	-42 160	-34 653			-4 214
<b>Netto</b>	<b>63 224</b>	<b>56 252</b>	<b>-6 972</b>	<b>5 000</b>	<b>0</b>	<b>50 158</b>
<b>Eigedom</b>						
Kostnader:	255 694	253 970	-1 724			205 295

Inntekter:	-60 001	-34 956	25 045			-54 686
<b>Netto</b>	<b>195 693</b>	<b>219 014</b>	<b>23 322</b>	<b>4 000</b>	<b>1 000</b>	<b>150 608</b>
<b>Økonomi- og org.avd.</b>						
Kostnader:	143 257	150 391	7 134			125 930
Inntekter:	-13 269	-12 300	969			-12 392
<b>Netto</b>	<b>129 988</b>	<b>138 091</b>	<b>8 103</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>113 539</b>
<b>Regional utvikling</b>						
Kostnader:	156 242	169 856	13 614			119 846
Inntekter:	-59 875	-98 964	-39 089			-86 833
<b>Netto</b>	<b>96 367</b>	<b>70 892</b>	<b>-25 475</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>33 014</b>
<b>Samferdsel</b>						
Kostnader:	2 306 167	2 629 769	323 603			2 122 524
Inntekter:	-1 065 111	-1 110 254	-45 143			-935 892
<b>Netto</b>	<b>1 241 056</b>	<b>1 519 515</b>	<b>278 459</b>	<b>-76 000</b>	<b>-30 000</b>	<b>1 186 632</b>
<b>Kultur og idrett</b>						
Kostnader:	275 346	360 416	85 070			225 836
Inntekter:	-239 705	-235 436	4 269			-257 130
<b>Netto</b>	<b>35 641</b>	<b>124 979</b>	<b>89 339</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-31 294</b>
<b>Tannhelse</b>						
Kostnader:	243 083	94 360	-148 723			211 343
Inntekter:	-85 387	47 405	132 793			-85 218
<b>Netto</b>	<b>157 696</b>	<b>141 766</b>	<b>-15 930</b>	<b>- 5 000</b>	<b>-10 000</b>	<b>126 125</b>
<b>Opplæring</b>						
Kostnader:	2 133 170	2 161 197	28 026			1 851 093
Inntekter:	-408 946	-334 320	74 626			-391 278
<b>Netto</b>	<b>1 724 225</b>	<b>1 826 877</b>	<b>102 652</b>	<b>-14 000</b>	<b>-19 000</b>	<b>1 459 815</b>
<b>Skatt og rammetilskot</b>						
Inntekter:	-4 408 378	-4 977 750	-569 372			-4 232 919
<b>Netto</b>	<b>-4 408 378</b>	<b>-4 977 750</b>	<b>-569 372</b>	<b>20 000</b>	<b>10 000</b>	<b>-4 232 919</b>
<b>Renter og avdrag</b>						
Kostnader:	507 104	647 025	139 921			654 757
Inntekter:	-23 959	-32 175	-8 216			-63 348
<b>Netto</b>	<b>483 145</b>	<b>614 850</b>	<b>131 705</b>	<b>10 000</b>	<b>0</b>	<b>591 409</b>
<b>Kraftinntekter</b>						
Kostnader:	32 029	37 500	5 471			32 462
Inntekter:	-86 949	-106 500	-19 551			-73 592
<b>Netto</b>	<b>-54 920</b>	<b>-69 000</b>	<b>-14 080</b>	<b>- 4 000</b>	<b>-5 000</b>	<b>-41 129</b>
<b>Fellesf./pensjon/lønsavsetj.</b>						
Kostnader:	83 882	121 616	37 734			106 986
Inntekter:	-126 035	-51 675	74 360			-213 535
<b>Netto</b>	<b>-42 153</b>	<b>69 941</b>	<b>112 094</b>	<b>0</b>	<b>-7 000</b>	<b>-106 550</b>
<b>NETTO FYLKET TOTALT</b>	<b>-378 417</b>	<b>-264 573</b>		<b>-60 000</b>	<b>-60 000</b>	<b>-700 592</b>

## Saksprotokoll i fylkestinget - 01.10.2019

### Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### Vedtak

1. Fylkestinget tek tertialrapporten til orientering.
2. Budsjettet for 2019 vert endra slik:
  - a) Drift: Det vert ikkje gjort endringar i driftsbudsjettet.
  - b) Investering:

Art	Stad	Prosjekt	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
02300	300 420 00	07602	Fylkesveginvesteringar		80 000 000
02100	310 235 00	07803	Bybanevogner	42 500 000	
09100	790 100 00	09982	Lån	22 500 000	
07290	790 110 00	09982	Momskompensasjon	15 000 000	
				80 000 000	80 000 000

3. Fylkestinget sluttar seg til dei grepa og innstrammingane for siste tertial som fylkesrådmannen set i for å betre den økonomiske stoda.